

## Møtereferat

Til stades:	Terje Lohndal (leiar), Linn Okkenhaug Getz, Randi Solheim, Vikas Thakur (video), Anders Ulstein, Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Wolf Ludwig Kuhn, Thor Bjørn Arlov (sekretær/referent)	
Forfall:		
Kopi til:	Prorektor forskning	
Gjelder:	Utval for revidering av NTNUs språkpolitiske retningslinjer (Språkpolitikkutvalet), 1. møte	
Møtetid:	Måndag 15.11.2021 kl. 11.00-15.00	Møtestad: Gløshaugen, Hovedbygningen 201

Signatur:

## 0. Innkalling og sakliste

Tidsplan	Sak	Innhald
11.00-11.15	1.	Velkommen, presentasjonsrunde
11.15-12.00	2.	Drøfting av mandatet, utvalet sine oppgåver
12.00-12.30		Lunsj
12.30-13.00	3.	Framlegg til plan for arbeidet: møtedatoar og -former, webinar o.a.
13.00-13.30	4.	Sentrale spørsmål og dilemma. Innleiing og diskusjon.
13.30-13.45		Pause
13.45-14.30	4.	Sentrale spørsmål, forts.
14.30-14.40		Pause
14.40-15.00	5.	Eventuelt, innspel og møteevaluering

## 1. Velkommen

Leiar for utvalet, Terje, ønskte velkommen til det første møtet. Medlemene presenterte seg:

- Leiar, prodekan for forsking HF, professor Terje Lohndal
- Professor Linn Okkenhaug Getz, Institutt for samfunnsmedisin og sjukepleie
- Professor Randi Solheim, Institutt for lærarutdanning
- Instituttleiar, professor Vikas Thakur, Institutt for bygg- og miljøteknikk
- Universitetslektor, Anders Ulstein, Institutt for IKT og realfag
- Student, Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Institutt for språk og litteratur
- Stipendiat, Wolf Ludwig Kuhn, Institutt for energi og prosessteknikk

Postadresse	Org.nr. 974 767 880	Besøksadresse	Telefon	Sakshandsamar
7491 Trondheim Norway	postmottak@ntnu.no www.ntnu.no	Høgskoleringen 1 Hovedbygningen	+47 73595000	Thor Bjørn Arlov thor.arlov@ntnu.no Tlf: 90635072

Adresser korrespondanse til saksbehandlende enhet. Husk å oppgi referanse.

Som innleiing peikte Terje på at det er mange meningar og spenningar knytt til språk, men at oppdraget frå rektor likevel kan løysast. Det er lågt medvit om NTNU sine retningslinjer. Revisjon av dei treng ikkje vere ein stor jobb, men utvalet må bruke tid på tiltak. Utvalet kjem med framlegg, rektor avgjer. Det er føresett at utvalet skal ha «dialog med organisasjonen» undervegs i arbeidet.

## 2. Mandat

Terje gjekk gjennom mandatet. Bakgrunnen for revisjonsarbeidet er blant anna at bruken av engelsk har auka og at det er ein målkonflikt mellom internasjonalisering og bruken av norsk som fagspråk. Utvalet må peike på tiltak og høve til utvikling.

I diskusjonen kom mellom anna dette fram:

- Retningslinene er kanskje for opne? Må drøfte om de skal seie 'skal', 'bør', 'må' osb.
- Det er mangel både på språkkompetanse og medvit om kva som gjeld. Kva gjer vi med dei som *ikkje vil* lære seg norsk, trass i reglane?
- Andelen ikkje-norske tilsette har auka raskt, ikkje minst blandt ph.d. Kva har det å seie for intern kommunikasjon?
- Utvalet bør ikkje berre sjå på kostnader, men òg på vinster av ulike tiltak.
- Ein må få kunnskap om stoda m.o.t. engelsk i forsking og undervisning på NTNU.
- Det er ulike utfordringar i fagmiljøa. Nokre stader kan parallellspråk vere løysinga, men det sentrale er språkleg medvit.

## 3. Arbeidsplan

Terje viste til utkastet til arbeidsplan for utvalet med møte kvar månad fram til og med mai 2022, og i tillegg eit eller fleire webinar og møte med t.d. teiknspråk-miljøet.

Måned	Oppgåve	Agenda
November 2021	Prosjektgruppemøte fysisk	Bli kjent, diskusjon av mandatet, plan for arbeidet, sentrale spørsmål og dilemma
Desember 2021	Prosjektgruppemøte Zoom Innspel frå teikn og tolking	Diskusjon av «Allmenne prinsipp» i mandatet
Januar 2022	Prosjektgruppemøte Zoom	Diskusjon av «Utdanning» og «Forskning» i mandatet
Februar 2022	Prosjektgruppemøte Zoom <a href="#">Webinar: Engelsk versus norsk</a>	Diskusjon av «Formidling, Administrasjon ...» og «Språkopplæring»
Mars 2022	Prosjektgruppemøte Zoom	Diskusjon av tiltak
April 2022	Prosjektgruppemøte fysisk <a href="#">Webinar: arbeidslivsperspektivet</a>	Diskusjon av framlegg til korleis tiltaka kan bli implementert i organisasjonen, inkludert økonomiske perspektiv
Mai 2022	Prosjektgruppemøte Zoom	Diskusjon av utkast til heile rapporten
Juni 2022	Ferdigstilling av rapport	Eventuelle digitale innspel til små justeringar

Utvalet slutta seg til forslaget, men peikte på at det er bra om webinar kjem tidleg i prosessen, slik at dei kan gi innspel i arbeidet. Vi kjem attende til når og kva for webinar som kan vere aktuelle. Leiar og sekretær tar eit møte med teiknspråk-miljøet for å få innspel.

### Møteplan

- Fredag 17.12 kl. 14-16 (flytta frå 8/12)
- Måndag 10.01 kl. 13-15
- Måndag 14.02 kl. 13-15
- Måndag 14.03 Kl. 13-15
- Fredag 22.04 (fysisk) kl. 09-16
- Måndag 23.05 Kl. 13-15

### 4. Sentrale spørsmål

Utvalet må ta stilling til ei rekke sentrale spørsmål som t.d. standardspråk i undervisning på lågare og høgre grad, krav til norskopplæring for fast vitskapleg tilsette, tilbod til midlertidige, utvikling av norsk fagspråk og parallellspråk (norsk/engelsk) i intern kommunikasjon. Det vart ei brei meiningsutveksling om kva som er viktig å tak i, og mellom anna desse momenta kom fram:

- Språket har stor betydning for fagleg kvalitet – vi treng nok å heve språkkompetansen generelt, både på norsk og engelsk.
- Språkevner er eit vilkår for sosial integrasjon og godt arbeidsmiljø. Kva inneber «Eitt NTNU» for språkpolitikken?
- Det er krav om norskkunnskapar for fast vitskapleg tilsette; kva gjer ein med dei som ikkje vil lære språket?
- NTNU har ein høg andel profesjonsutdanningar der god norskkompetanse krevst.
- Kva slags tilbod skal midlertidig tilsette (ph.d., post doc.) og utvekslingsstudentar ha, mellom anna for å kunne ta del i demokratiet?
- Norsk som administrativt hovudspråk er fastsett i lov, men om all kommunikasjon skjer berre på norsk, vil mange falle utanfor. Også klarspråk er lovfesta.
- Vi treng å auke medvitet om språkbruk i fagmiljøa, kombinert med tilbod om støtte og hjelpemiddel – opplæring, praktiske tips, hjelp med omsetjing osb.
- Utvalet vil prøve å teikne ein «høgre himmel» over dei språkpolitiske retningslinene, der språket sin verdi og vekt for kvalitet, kommunikasjon og integrasjon blir framheva – ei slags språkstrategisk innleiing.

## 5. Eventuelt

- Sekretæren ble beden om å sjekke med Avd. for studiekvalitet om noko er fanga opp i studiesystemet som har verd for arbeidet, samt søke opp anna kunnskapsgrunnlag.
- Om arbeidet har god framdrift, er det mogleg å publisere noko underveis for å få reaksjonar, t.d. i Universitetsavisa.
- Leiar og sekretær tar initiativ til møte med Seksjon for teiknspråk og tolking
- Til neste møte (17.12.) førebur leiar utkast til allmenne prinsipp.
- Utvalet ga uttrykk for at møtet var godt leia og vellukka.